

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/300 - 23/7029

Saksbehandlar:  
Jan Arne Solberg  
jan.arne.solberg@osteroy.kommune.no

Dato:  
03.04.2023

## Søknad om løyve til tiltak på eigedomen gnr. 152, bnr.58 i Osterøy kommune

På vegne av tiltakshavar, Osterøy kommune ved Samfunnsutvikling, søkast det hermed om løyve til tiltak på ovan for nemnde eigedom. Osterøy kommune er eigar av 152/58, dette er ein sirkeleigedom.

Tiltaket gjeld utviding av eksisterande parkeringsplass på Båtaleitet, frå dagens kapasitet på om lag 50 personbilar, til framtidig kapasitet på om lag 100 personbilar. Parkeringsarealet vil auke frå om lag 1,8 daa til om lag 3,6 daa. Dagens løysing med to avkøyrslar reduserast til ein avkøyrslar. Planlagd ny avkøyrslar er godkjent av Vestland fylke.

Utvidinga er politisk godkjent i Heradsstyret 06.04.2022 i sak 034/22.

Osterøy kommune opplever eit aukande tal tilreisande som ynskjer å oppleve naturen og dei spektakulære fjellturane i kommunen. Mange av desse parkerer på Båtaleitet, då her er nærleik til Bruvknipa og Rispingen – Olsnessåta, enkelte dagar er parkeringa full, biler står parkert i fylkesvegen og på privat grunn.

Det er inngått avtale med grunneigarane, det blir søkt om frådelling av arealet etter et tiltaket fullført. Frådelt areal vil då bli ein del av kommunens eigedom 152/58. parkeringa vil, som i dag, driftast av Bruvik Grendaråd.

Det er søkt om dispensasjon frå tiltak i LNF – føremål i KPA, sjå eige skriv. Det er vidare søkt om dispensasjon frå avstand til fylkesveg for tiltaket, til SVV. Søknadsdato 02.05.2023.

Vi håper de ser med velvilje på vår søknad.

Med helsing

Jan Arne Solberg  
Prosjektleder

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

